



Politisk verkstad i Fjord kommune

26. September 2024



Statsforvaltaren
i Møre og Romsdal



Møre og Romsdal
fylkeskommune



Distriktsenteret
Kompetansesenter for distriktsutvikling

Køyreplan

- **1100 – 1130 Lunsj**
- 1130 – 1140 Innleiing, Terese
- 1140 - 1200 Om koplingar i plansystemet og arealstrategiar, Frida og Synnøve
- 1200 –1205 Innleiing til gruppearbeid, Terese/Marianne
- 1205 – 1215 Presentasjon frå forarbeid, gruppeleiarane
- 1215 – 1230 Gruppearbeid samfunnsdel
- 1230 – 1240 Presentasjon gruppearbeid
- 1240 – 1250 Presentasjon frå forarbeid, gruppeleiarane
- 1250-1320 Gruppearbeid arealstrategi
- 1320 – 1340 Presentasjon gruppearbeid
- **1340 – 1355 Pause**
- 1355 – 1410 Nasjonale føringar innan helse og omsorg, Eli Mette
- 1410 – 1420 Status for Fjord kommune, Sindre
- 1420 – 1450 Innlegg frå Ulstein kommune, Marit Botnen
- 1450 – 1500 Tid til spørsmål og refleksjon, Marit
- 1500 – 1505 Innleiing til gruppearbeid, Terese og Marianne
- 1505 – 1545 Gruppearbeid plan for helse og velferd
- 1545 – 1615 Presentasjon gruppearbeid og oppsummering
- 1615 – 1620 Oppsummering og vegen vidare, Terese


Først eit tilbakeblikk

- Kommunen skal styre gjennom plan
- Heile plansystemet må tas i bruk
- Kommunestyret må ha eigarskap til sin plan
- Planlegging krev prioritering og politikkutforming

Korleis bruke plansystemet?


- Første skritt på vegen – arbeid med planstrategi og samfunnsdel
- Få til ei kopling mellom alle kommunen sine planar
- Den viktige koplinga til økonomi






Planstrategi –
status og
utfordringsbilette


kva er kommunen sitt
planbehov?



Kommuneplanens samfunnsdel –
 kva er retninga for samfunnsutviklinga i Fjord kommune?




Kommuneplanens arealdel -
 korleis skal Fjord kommune
 legge til rette for
 samfunnsutvikling, eit godt
 lokalsamfunn og tenester til
 innbyggjarane?



Kommunedelplan/temaplan for helse og velferd –

helse og velferd må sjås i sammenheng med alt anna kommunen gjer



Store og komplekse samfunnsutfordringar – krev heilskaplege løysingar på tvers

Knappe ressursar krev prioriteringar

Desto betre samanheng og fleire koplingar – desto meir fart og retning



AREALSTRATEGIAR

- Kva er ein arealstrategi
- Kva bør ein arealstrategi innehalde
- Arealrekneskap
- Status i Fjord kommune



- Sjå video på www.statsforvalteren.no/planleggingforpolitikarar

I. Kva er ein arealstrategi?

- Ei kopling mellom samfunnsdelen og arealdelen
 - Samfunnsdelen skal seie noko om kva som er ønska samfunnsutvikling
 - Arealdelen skal bidra til å realisere samfunnsdelen
- Som ein del av samfunnsdelen eller planprogram for arealdelen

Figur lånt frå Asplan Viak



II. Kva er ein arealstrategi?

- Ein arealstrategi seier noko om kva som er **dei overordna prinsippa for framtidig arealutvikling**
- Gir betre grunnlag for både politikarar og administrasjon til å styre arealbruken i ønska retning
- Gjer planprosessen med arealdel og andre planar mer føreseileg

I. Kva bør ein arealstrategi innehalde?

- Langsiktig utviklingsretning for kommunen når det gjeld utvikling og vern (20-30 år)
- Realisme (jf. arealrekneskap)
- På eit overordna og strategisk nivå, ikkje for omfattande og detaljert
- I tråd med nasjonale føringar

II. Kva bør ein arealstrategi innehalde?

- Kor skal det byggast ut?
 - Grende- og tettstadstruktur?
 - Fortetting- og transformasjonsområde?
 - Viktige kommunikasjonslinjer og knutepunkt?
- Kor skal det ikkje byggast ut?
 - Særleg verdifulle natur- og friluftsområde/strandsona?
 - Viktig landbruksareal?
 - Områder som ikkje eignar seg for utbygging (støy, flomfare, kulturmiljø, naturressursar, naturverdiar mm.)

Utbyggingsrekkefølge: Vi skal bygge byen innenfra og ut, rundt bussveitraseen, som vist på [dette kartet](#) ↗. Det vi kaller gjennomføringsområdene i bysone A (det sentrale byområdet) og i bysone B (bybåndet, dvs. langs jernbanen) skal ha høyeste prioritet. I kommunedelene som ligger utenfor byområdet skal fortetting i kommunedelssentrene prioriteres, f.eks. Judaberg i Finnøy.

Gode bo- og nærmiljø: Utvikle bo- og nærmiljø med grønne og inkluderende uterom der alle føler trygghet og tilhørighet. Bebyggelse skal utformes slik at den stimulerer til aktiv bruk av uterommene. Øke [variasjon i boformer, boligtyper, -størrelser, og -priser](#).

Aktiv transport: Utvikle byen og kommunen slik at [kortreist hverdagsliv](#) blir mulig for de fleste som bor i by eller tettsted. Hensynet til de myke trafikantene skal komme først i drift og planlegging, og være strukturere for arealutviklingen.

Næringsutvikling: Sikre arealer som gir utviklingsmuligheter for framtidens næringer. Bidra til at [rett virksomhet etableres på rett sted](#) med tanke på transport og næringsklynger. Kontorvirksomhet i sentrumsnære områder og utpekte områder langs bybåndet.

Sjøområdene: Bruke sjøarealene på en bærekraftig måte, og slik at det er [åpent for ulik bruk](#), som friluftsliv, naturmangfold og næringsvirksomhet. Sikring av økosystem og marint liv for framtidige generasjoner gis høy prioritet. Det skal være en restriktiv tilnærming til utbygging i strandsonen.

Areala våre er under press, jf. NRK-serien Oppsynsmannen



Tenke og planlegge heilskapleg

- Me må ha større grad av arealeffektivitet og mindre stykkevis nedbygging.
- Bruken av areal skal vere gjennomtenkt og godt grunngitt for å unngå at miljø og samfunn blir påverka negativt.
- (frå fylkesstrategi for miljø, klima og energi)



Kva skal ligge til grunn for arealstrategien?


- Alle aktivitetar skjer ein stad. Dette krev areal.
- For å utarbeide ein arealstrategi, treng me gode tal for bruken av areal i kommunen i dag. Dessutan er det lurt å ha kunnskap om kvar folk bur i kommunen.
- Arealrekneskap vil vere eit godt utgangspunkt for arealstrategien.
- Arealrekneskap er eit oversyn over utbygd og ikkje utbygd areal, og kva for type natur som finst på areala.

Kva er arealrekneskap?

- Arealrekneskapen viser oss – i kartløyning – kva kommunen har sett av til for eksempel bustader, fritidsbustader, næring, offentlege føremål, akvakultur osv.
- Den viser oss også kor stor planreserve kommunen har – altså kor stort areal vi har sett av til dei ulike føremåla, men ikkje teke i bruk.





Kva er arealrekneskap?

- Nyttig verktøy for å få eit samla oversyn i kommunen og fylket
- Kan hjelpe kommunar å ta kunnskapsbaserte val i arealplanlegginga vidare.
- Eit hjelpemiddel i dialog med politikarar, utbyggjarar og andre aktørar



Bildet er generert med kunstig intelligens


Lat oss sjå på Fjord



Areal i utvalet
1 264 009 dekar


Berekn planreserve
11 245 dekar

Utslepp frå planreserven
311 401 tCO₂ekv. (20år) dersom alt blir bebygd




Arealreserve Fjord kommune

- Store arealreserver for fritidsbebyggelse – 7417 dekar
- 400 dekar myr
- 150 dekar fulldyrka jord




Grupperte arealformål (dekar)




Arealreserve Fjord kommune

- Her er unyttta arealreserve i Nørdalen




Arealreserve Fjord kommune

- Arealreservar for bustad- og sentrumsføremål – 576 dekar
- 86 dekar fulldyrka jord
- 71 dekar innmarsbeite




Grupperte arealformål (dekar)




Arealreserve Fjord kommune

- Arealreserve for bustad- og sentrumsføremål – 576 dekar
- Bildet viser Eidsdal




Kvar bur folk i Fjord?

- Dei fleste bur i Stordal sentrum og i Valldal sentrum/Sylte





Barn og unge

- 0-18 år




Eldre: 67-89 år



Endå eldre

- 90 – 106 år



Korleis brukar me denne informasjonen?

- Korleis ta vare på verdifulle område? Dyrka mark, sårbar natur, strandsoner osv. Kvar vil me ikkje bygge?
- Vidare fortetting i kommunesenteret?
- Prinsipp for tilbakeføring av ubygde utbyggingsområde tilbake til LNFR?
- Kva med grendestrukturen?
- Ta i bruk "grå" område framfor å "ta hol" på nye område?
- www.mrfylke.no, søk på arealrekneskap

Innleiing til gruppearbeid - IGP

Sekretær frå administrasjon tek notater

- Kan bidra til å oppklare spørsmål frå gruppa, men deltek ikkje i diskusjonen

Gruppleiar frå partia og råda er bordvert

- Hjelpe til slik at alle kjem til orde, og at vi held tidsplanen for gruppeoppgåva
- Vere støtte for prosessleiar
- Passe på at deltakarane held seg til oppgåva og ikkje snakkar seg vekk
- Bordverten presenterer gruppa si oppsummering i plenum

Presentasjon forarbeid samfunnsdelen (10 min)

Svarar utkastet til samfunnsdelen ut behovet de hadde for konkretisering?

Viss ikkje, kva må endrast?

Gruppearbeid samfunnsdelen (15 min)

Er det noko frå førebuingar/presentasjon i plenum som krev ytterlegare oppfølging og presisering i samfunnsdelen?

Kom med konkrete innspel (maks fire) til spissing/forbetringar i samfunnsdel generelt og særleg når det gjeld **bustad og helse**

Råda: Peik på område der de vil vere med å påverke spesifikt på «kva gjer vi ilag»



Statsforvaltaren
i Møre og Romsdal



Møre og Romsdal
fylkeskommune



Distriktsenteret
Kompetansesenter for distriktsutvikling

Presentasjon i plenum (10 min)

Har vi no ein samfunnsdel som vi kan styre etter?

Kva trengst eventuelt av ytterlegare endringar/spissing?



Statsforvaltaren
i Møre og Romsdal



Møre og Romsdal
fylkeskommune



Distriktsenteret
Kompetansesenter for distriktsutvikling

Presentasjon forarbeid arealstragiane (10 min)

Kva er det viktigaste å prioritere i denne kommunestyreperioden?



Statsforvaltaren
i Møre og Romsdal



Møre og Romsdal
fylkeskommune



Distriktsenteret
Kompetansesenter for distriktsutvikling

Gruppearbeid arealstrategiane (30 min)

Drøft og bli einig om dei tre viktigaste arealstrategiane i forhold til måla i samfunnsdelen

Kvifor er dei viktig? Kva får vi då til?

Råda fortsett med samfunnsdel:

- Kva kan rådet bidra aktivt med for å bidra til måloppnåing på «kva gjer vi ilag».
- Korleis kan rådet bidra til å skape forståing ute i lokalsamfunnet for dei endringane som må skje framover

Ha spesiell fokus på hovudmål 5, men kan også velje seg ut andre mål å arbeide med



Presentasjon i plenum (20 min)

1. **Kvifor er arealstrategien viktig, og kva får vi til om vi følgjer den opp?** Politikarar (12 min)
2. **Kva/korleis kan råda bidra til måloppnåing?** Råda (6 min)



Nasjonale føringar innan helse og omsorg

Eli Mette Finnøy, seniorrådgivar



Statsforvaltaren i Møre og Romsdal



26.09.2024



Regjeringa sin helse- og omsorgspolitik



Regjeringa sine overordna mål for helse- og omsorgspolitikken



- God helse og meistring i befolkninga, uavhengig av sosial bakgrunn
- Gode pasientforløp og rask tilgang til tenester i heile landet
- Helse- og omsorgstenesta er ein attraktiv arbeidsstad i eit livslangt karriereløp
- Berekraftig og rettferdig ressursbruk
- Helse- og omsorgssektoren er forberedt i møte med kriser og katastrofar.

NOU 2023:4 Tid for handling


Personellet i ein berekraftig helse- og omsorgsteneste



Tiltaksområder for løysningar av personellutfordringane



Oppgåvedeling: Bygg nedanfrå!





Meld. St. 31 (2023-2024)

Perspektivmeldinga 2024 (PM24)

Hovudutfordringar:

- Kampen om arbeidskrafta
- Behovet for omstilling
- Framleis god fordeling

Strategiar:

- ✓ Få fleire i jobb, og halde folk i jobb
- ✓ Løyse oppgåvene smartare
- ✓ Føre ein ansvarleg økonomisk polittikk som gir rettferdig fordeling over tid

Meld. St. 15 (2022-2023) Folkehelsemeldinga. Nasjonalt strategi for utjamning av sosiale helseforskjellar



- Hovudområde:
- Dei samfunnsskapte vilkåra for god helse
- Levevanar og førebygging av ikkje smittsame sjukdomar
- Psykisk helse og livskvalitet
- Vern mot helsetruslar og rett til eit sunt miljø
- Kommunikasjon og innbyggardialog
- Førebyggjande arbeid i helse- og omsorgstenesta



Meld. St. 9 (2023-2024)

Nasjonal helse- og samhandlingsplan 2024-2027

Vår felles helsetjeneste



Utfordringar:

- Mangel på personell
- For dårleg samanheng mellom tenestene
- Tilgang til helse- og omsorgstenester er ikkje likeverdige fordelt

Hovudgrep som skal gjere helsetenesta meir berekraftig:

1. Rekruttere og behalde personell
2. Endre finansieringsordningane
3. Nye organiseringsformer
4. Ny strategi for digitalisering
5. Forenkle og tydeleggjere regelverk
6. Meir attraktiv allmennlegeteneste



Meld. St. 24 Fellesskap og meistring Bu trygt heime

Hovudmål:

- Gjere det trygt å bu lenger heime
- Sikre berekraft gjennom planlegging, førebygging og målretta tenester

Fire innsatsområde:

- Levande lokalsamfunn
- Bustadtilpassing og planlegging
- Kompetente og myndiggjorte medarbeidarar
- Tryggleik for brukarar og støtte til pårørande






Opptrappingsplan for heltid og god bemanning i omsorgstjenesten

Strategiar for å kunne nå mål:

- Kvalifisere, rekruttere og behalde tilsette
- Organisere tenester, oppgåver og ansvar for best mogleg bruk av tilgjengeleg personell
- God leiing og planlegging av tenestene





Fjord kommune

Statistikk om kommuneansatte - KS



Årsverk og ansatte	Heltid og stillingsstørrelse	Turnover	Sykefravær
--------------------	------------------------------	----------	------------



Fjord kommune er ein TØRN kommune


Pilot: Ny oppgåvedeling



TØRN

Formålet med programmet:

- å fremme riktig organisering og oppgåvedeling i helse- og omsorgstjenestene
- å sikrer bedre bruk av personellressursene.



Kommune	Hvilken pilot	Lenke
Aure	Ny organisering av arbeidet og arbeidstiden	

Fylke

- Agder
- Innlandet
- Møre- og Romsdal
- Nordland
- Rogaland
- Troms/Finmark
- Trøndelag
- Vestfold/Telemark
- Vestland
- Viken

Hvilken pilot?

- Målrettet bruk av velferdsteknologi i ny oppgåvedeling
- Ny oppgåvedeling
- Ny oppgåvedeling og organisering av arbeidstiden
- Ny oppgåvedeling og tjenestestyrte bemanning
- Ny organisering av arbeidet og arbeidstiden



Prioriteringsrettleiar for kommunale helse- og omsorgstenester - høyringsutkast

Prioriteringer i kommunale helse- og omsorgstjenester (HØRINGSUTKAST)

 Prioriteringsveileder

[Hva er prioriteringsveileder?](#) →

 **Ekstern høring:** Høyringsfrist er 15. november 2024. [Mer informasjon på høyringssiden.](#)

- 1 Bakgrunn og metode
- 2 Kommunens ledelse
- 3 Helsepersonell og saksbehandlere

Søk i prioriteringsveileder

1. Bakgrunn og metode

2. Kommunens ledelse

Kommunens ledelse bør legge en samlet vurdering av nytte, ressurs og alvorlighet til grunn for prioriteringer i helse- og omsorgstjenesten

Kommunens ledelse bør bruke styringsinformasjon i arbeidet med prioriteringer

Kommunens ledelse bør legge til rette for gode prioriteringsprosesser

Lenke: [Prioriteringer i kommunale helse- og omsorgstjenester \(HØRINGSUTKAST\) - Helsedirektoratet](#)




Fjord
kommune

Status for Fjord kommune helse, omsorg og velferd

Arbeidsverkstad 26.09.2024

HOV – Helse, omsorg og velferd



NAV- Ålesund
kommune

Legevakt, ØHD,
Overgrepsmottak,
Krisesenter ,
Barnevernsvakt.
Ålesund kommune

Barnevern- Stranda
kommune



Helse og omsorgstenester

[Omsorgstenester](#)

[Legetenester og akutt helsehjelp](#)

[Helsestasjon og jordmor](#)

[Barnevern](#)

[Sosiale tenester](#)

[Individuell plan og koordinator](#)

[Psykisk helse og rus](#)

[Fysioterapi og ergoterapi](#)


[Flyktingtenesta](#)

[Hjelpemiddel og velferdsteknologi](#)


[Folkehelse](#)

[Helseplattforma](#)

Antall yrkesaktive bak hver pensjonist



Ufordringar i tida framover



Prosessen ift -tid

Kort sikt (2024)




Mellomlang sikt (2025-2027)



Lang sikt (2027 -)




- Deler inn i kort sikt (2024)
- Mellomlang sikt (2024-2027 dvs denne kommunestyreperioden)
- Lang sikt (etter 2027 dvs neste kommunestyreperiode og etter)




Kilde: Stockholm Resilience Centre, bearbeidet av Viken fylkeskommune

«Forventningsgapet»



Døme på trapp



Kva er kvardagsrehabilitering?

Døme frå Ørsta kommune

Kva er kvardagsrehabilitering?

Kvardagsrehabilitering er intensiv og tidsavgrensa. Fokuset er trening i daglege gjeremål i eigen heim.

Å vere aktiv deltakande styrker både livskvalitet og helse, og mange eldre ynskjer å vere aktive og kunne bu heime lengst mogleg. Den einskilde sine ressursar, interesse og mål står sentralt i kvardagsrehabilitering.



Kvardagsrehabilitering startar med spørsmålet:

"Kva er viktig i livet ditt no"?

For mange handlar det om å vere aktive og kunne meistre daglege aktivitetar i kvardagen.

Kven er vi?

Eit tverrfagleg team sett saman av ergoterapeut, fysioterapeut og sjukepleiar gjer ei systematisk kartlegging, og det blir i samarbeid med deg utarbeida mål som du synest er viktig å meistre i din kvardag.

Teamet samarbeidar med heimetrenarar i heimebasert omsorg, og vil i lag med deg samarbeide mot dine mål.

Kva kan du forvente av oss?

Vi kjem heim til deg og vil saman med deg trene på det som er viktig for deg for å klare deg best mogleg i kvardagslivet.

For å oppnå dette jobbar vi intensivt saman med deg i ei avtalt periode. Evaluering av framgang og justering av mål vil skje undervegs.

Kva forventar vi av deg?

Du er motivert til å gjere ein innsats for å nå dei måla du sett, slik at du i størst mogleg grad kan vere aktiv i eige liv i eigen heim.

Døme på aktivitetar å trene på:

- Å gå i trapp
- Å dusje sjølv
- Å kome seg inn og ut av senga
- Å lage måltid
- Å kle seg sjølv
- Å handle i butikken
- Å gå ute
- Å delta i sosiale aktivitetar/ hobbyar som er viktig for deg
- Å gjere husarbeid
- Å hente posten



Organisering av planarbeid framover

- Perspektivet → mellomlangt og langsiktig perspektiv
 - (strategiplan og heilskapleg plan)
- Gruppevis knytt til organisasjonskart.
- Tyngdepunkt opp imot Stortingsmelding 24 – *Felleskap og meistring*
– *Bu trygt heime.*

Prosessen ift -tid

Kort sikt (2024)



Mellomlang sikt (2025-2027)




Lang sikt (2027 -)



- Deler inn i kort sikt (2024)
- Mellomlang sikt (2024-2027 dvs denne kommunestyreperioden)
- Lang sikt (etter 2027 dvs neste kommunestyreperiode og etter)


Prosess



Innbyggjarar,
Interesseorganisasjonar
Råda

- Stillingar
- Økonomi
- Infrastruktur
- Geografi
- Eventuell investering

Tidslinje – mellomlangsigtig strategiplan, planprogram og heilskapleg plan for helse, omsorg og velferd





ULSTEIN KOMMUNE

Tidleg innsats i 300-metersbyen Ulsteinvik

Nokre betraktningar frå ein pensjonert kommunalsjef



Marit Botnen

Tidlegare kommunalsjef helse og omsorg



ULSTEIN - der baug bryt bære

Bidrag i møte med Fjord kommune
Valldal 26. september 2024








**Innb:
Ca. 8.900 i
kommunen**

**Ulsteinvik:
Ca. 6.200
innb.**



Helse- og Omsorgsetaten Utviklingshistoria



Tidleg satsing på forebygging (1970-talet)

Tidleg satsing på tilrettelagde bustadar (1970 og 1980-talet)

Tidleg satsing på heildøgns heimetenestetilbod (1985)

Bemanna omsorgsbustadar - alternativ til sjukeheim (1988)


Felles nattevaktsteneste sjukeheimen og heimetenestene

Full integrering av utviklingshemma i heimetenestene (2001)

Ombygging og endra bruk av sjukeheimen (2003)

NO: Fortsatt satsing på omsorgsbustadar og omstille enda meir av tenestene til førebygging og heimebasert omsorg, og tilrettelegging for privat utbygging av leilegheiter med universell utforming i sentrum

Utfordringsbildet i Ulstein: Beregnet behov for tjenester om dagens praksis videreføres



- ▶ Hvordan ta hensyn til forventet vekst i behov og «vokse smartere»?
- ▶ Hvordan forberede for store omstillinger mellom tjenesteområdene?



Korleis arbeidar vi?



- Strategi for innbyggjarinvolvering - Drøfte korleis tiltak grip inn i folk sine liv
- Folkemøter i alle krinsar
- Planverkstadar – med ungdom, politikarane, representantar frå næringslivet, frivillige organisasjonar
- Idéverkstad om inkludering
- PAL møter - samarbeidsforum for politikarane og administrasjonen
- Modell for å prioritere aktivitetar og innsats

Bustadar og institusjonsplassar

Institusjonsplassar:

- Avlastning for born: 1
 - Langtidsplassar
for demente: 24
 - Korttidsplassar
(inkludert KAD): 18
-
- 43

Omsorgsbustader med heildøgns tenester



112

Velferdsteknologisatsinga i Ulstein – nasjonalt prosjekt frå 2018

- **Velferdsteknologi:**
 - er ein implementert del av tenestene i Ulstein kommune
 - bidreg til betre samanhengande tenester, auka kvalitet og betre utnytting av ressursane
 - Bidreg til god helse og meistring i befolkninga og ei berekraftig utvikling
 - Hjelp når ein treng det

Digitale trygghetsalarmer

Digitalt tilsyn (RoomMate og Somnify)

Safemate GPS

Medisindispenser

Planlegg nytt pasientvarslingsanlegg


KOMP og nettbrett

DHO (interkommunalt prosjekt)

VFT til barn unge og vaksne med tidleg erverva eller med medfødde funksjonsnedsetjingar

Kommunens kostnader til pleie og omsorg ligger klart lavere enn snittet for 20 utvalgte kommuner

Netto driftsutgifter til Pleie og Omsorg pr. innbygger korrigert for behov



Kilde: SSB, Kommunens regnskap 2019 og Agenda Kaupang



Figuren viser:

- ▶ Utgiftene (netto) i Ulstein i 2019, ført under pleie og omsorg (PLO) i KOSTRA, var klart lavere enn snittet i referansegruppen.
- ▶ Dekomponert regnskap er relativt likt med rapporteringen i KOSTRA. Dette skyldes at det har vært små behov for å gjøre korrigering manuelt mellom PLO og øvrige tjenesteområder.

Suksess-faktorar

- Utvikle tverrfagleg felles forståelse, verdier og kultur.
- Utvikle eit grunnlag for stabilitet blant leiarane i alle etatane.
- Eit tverrfagleg planforum der sektorplanar vert felles ansvar.
- God forankring og forståing hos dei folkevalde.
- Medvirkning frå frivillige organisasjonar, næringsliv, nabokommunar og fylket

Tverrfagleg fokus og planar som heng saman



Organisering av planforum

Mandat:

- ✓ Rådgjevingsorgan for kommunedirektør og kommunalsjefar i plansaker
- ✓ «Alle» planrelaterte saker til drøfting inkl. folkehelse
- ✓ Ressursgruppe i planprosessar
- ✓ Tverrsektorielt fokus, helse i plan
- ✓ Idéforum

Medlemmer av planforum


- Kommunedirektør
- Kommunalsjef teknisk
- Kommunalsjef organisasjon og utvikling
- Kommunalsjef helse og omsorg
- Kommunalsjef oppvekst og kultur
- Leiar plan- og bygningsavdeling
- Planleggar
- Kultursjef (barnerepresentant)
- Kommuneoverlege (folkehelsekoordinator)

Trinna i den heilskaplege innsatstrappa viser grad av inngripen i innbyggjarane sine liv



Førebygging framfor reparasjon fordi det alltid gir betre resultat til lågare kostnad enn å reagere når noko må reparerast.

Målet er å styrke dei lågare trinna i innsatstrappa ved å ta smarte grep øverst i trappa



- ▶ Kva tenester manglar eller bør utviklast?
- ▶ Kva trinn må styrkast
- ▶ Kva trinn skal reduserast?

Trinn 1 – Attraktive og aktive lokalsamfunn

Tilhørsle, inkludering og trivsel

Innbyggerane i Ulstein deltek aktivt i utviklinga av eige lokalsamfunn, gjennom engasjement i lag og organisasjonar, idrett og kultur, og også gjennom brukarutval, dialogmøter og politiske utval. Barn og ungdom lærer, trivst og utviklar evnene sine i barnehagen, på skulen og i fritida.

Ulstein kommune

- Involverer innbyggerane for å skape inkluderande lokalsamfunn
- Samarbeider med frivillige organisasjonar, næringsliv, høgskule og universitet
- Stimulerer til deltaking i frivillige organisasjonar og opnar kommunen sine bygg for bruk utanom ordinær opningstid
- Skaper saman med frivillige organisasjonar arenaer for læring, nærdemokrati og inkluderande møteplassar, der både barn og vaksne bidreg til trygge og inkluderande fellesskap i nærmiljøet
- Skaper generasjonsvenlege lokalsamfunn gjennom universell utforming, «grøne lunger» og offentlig transport m.m.
- Forankrar inkludering og medverknad i kommunen sine planar



Trinn 1 – Attraktive og aktive lokalsamfunn

Tilhørslse, inkludering og trivsel



Barnehage, skole og skolefritidsordning

- ▶ Trygge og gode oppvekst- og læringsmiljø

Møteplassar og aktivitetar

- ▶ Barnehage, skule, SFO og kulturskule
- ▶ Ung i Ulstein
 - ▶ Ungdomsklubben Bell
 - ▶ Open hall
 - ▶ Alle med
 - ▶ Gaming rom
 - ▶ Sommarcamp
- ▶ Bibliotek
 - ▶ Møteplass på tvers av kultur og generasjonar
 - ▶ Psykologtimen
 - ▶ Servicetorg Ulstein Arena
- ▶ Uteområde som leikeplassar, benkar, turvegar, parkar, badestrand o.l.
- ▶ Idrettshallar, symjehall, klatrehall, treningssenter
- ▶ Kultur- og kinotilbod, kafear og restaurantar
- ▶ Festivalar, LAN-Party og arrangement

Universell innsats*

- ▶ Levekårsplan i Ulstein
- ▶ Arealplanlegging
- ▶ Universell utforming og tilrettelegging
- ▶ Offentleg transport
- ▶ Strategi for medverknad
- ▶ Generasjonsvennleg lokalsamfunn
- ▶ BUA (utlånssentral)

Samarbeid med næringsliv og frivillige organisasjonar

- ▶ Idrettslag og fysisk aktivitet
- ▶ Kulturaktivitetar – lag og organisasjonar, korps, musikk, song og teater
- ▶ Velforeiningar, venneforeiningar, pårørande- og interesseforeiningar
- ▶ Frivilligsentral
- ▶ Folkehelsearbeid
- ▶ Skaparhuset
- ▶ Næringsssamarbeid, samarbeid med skule

Digitale løysingar

- ▶ Digitale kommunikasjonsplattformer
- ▶ Tilskuddsportalen
- ▶ Mobildekning og fiber
- ▶ Heimesider



Innbyggjarar: 8677

Andel av kostnad 50 %
Total kostnad 288 mill. kr
Per innbyggjar 33'

Anbefalingar:

1. Bygg ein tettare by
2. **Det som bidreg til byliv må leggst i byen**
3. Byggje opp og vidareutvikle stadeigen identitet
4. **Skap eit mangfald av møtestadar**
5. Legg til rette for sambruk i sentrum
6. Parkering for framtida
7. Prioriter grøn mobilitet
8. Sikre og vidareutvikle blågrøne element i byen
9. **Legg til rette for ulike bustadtypar - som fører menneskjer saman**



300-meters byen Ulsteinvik



Trivelege møteplassar

Vikholmen park
(2012):
Stille park

Sjøfronten
promenade

Saunesparken
(2014):
Aktivitetspark

Sjøborg
(2007):
Kultursal og
kino

Kulturalmenningen(
2008):
Torgalmenning/park
ering

Ulstein Arena (2018):
Svømmehall, bibliotek,
idrettshall og klatrehall
+ parkeringshus

Bjørndalparken (2020):
Park med paviljong og
treningsapparat

Over 200 nye private leiligheter i sentrum sidan 2007

**Geileneset
(2007) 33
leiligheter**

**Gjerdegata
(2018)
24 leiligheter**

**Bjørndalvegen
Park (2020)
43 leiligheter**

**Sjøsida del 2
(2020)
20 leiligheter**

**Sjøsida del 1
(2015)
41 leiligheter**

**Bjørndalvegen
14 (2008) 13
leiligheter**

**Saunes Brygge
(2012)
13 leiligheter**


**Ulshaug
seniorbustader
(2008) 20 leiligheter**

**Saunes
sentrumsgård
(2008)
19 leiligheter**

Foto: Per Eide Studio


ULSTEIN

Alder 67+




ULSTEIN

Alder 80+



ULSTEIN

Alder 90+



Vidare satsing

- 19 nye kommunale omsorgsbustadar under bygging
- Kontorplassar til tilsette i sentrum




Nye prosjekt – private utbyggere

Storejonmarka har 20 leiligheiter, under innflytting.

Fagertun får 54 leiligheiter, ferdig prosjektert, byggestart kommande vår.

Mylna mellom 40-55 leiligheiter, under prosjektering.

Skeide ca 60 leiligheiter, halvparten ferdigstilte/under innflytting.



Gruppearbeid helse, omsorg og velferd (40 min.)

1. Korleis tenker de at ei innsatstrapp for Fjord vil vere til nytte for å planlegge heile livsløpet til innbyggjarane? (10 min)
2. Ta utgangspunkt i utkast til tidslinje for planarbeid helse, omsorg og velferd.
 - Når og korleis ønsker de å medverke og sikre forankring i prosessen frå høyring i desember og ut planprosessen?
 - Når og korleis skal de klare skape forståing ute i lokalsamfunnet om dei nødvendige endringane som kjem?



Oppsummering og veien vidare

